



Jubileumsfeiring 17 mai, 2014. Foto: Hans Helge Vik

14

## Årsberetning 2014 Stiftelsen Fjelberg Prestegard



TAKOMLEGGING Hovedhus

4



Kunstnersamarbeid VARIUS, Voss

23



Steinerskolens KONSERT 15. juni

17



Adventsamling for avisen KVINNHERINGEN

24



ØYADAGANE 2014

18



Prestegården og kirken JULAFTEN 2014


25



*Terrengr kultivering nord for Veaskuten, mars 2014.*



*Vindusrestaurering Hovedhus.  
Ingemund Gjærde.*



**Egne  
arrangementer  
ga et netto-  
bidrag på  
kr. 137.890  
i 2014**

Fjelberg prestegard – Arrangementer 11 år 2004–2014							
År	Egne inntekter	Antall arr.	Lokale arr.	Seminarer/møter	Refugium	Besøkende	Overnattingsdøgn
2014	137.890	32	19	12	1	828	290
2013	104.906	28	19	6	3	485	346
2012	32.740	10	5	4	1	251	216
2011	119.201	25	12	8	5	486	444
2010	180.705	22	9	8	5	550	576
2009	92.070	20	10	5	5	586	376
2008	123.365	34	23	9	2	964	350
2007	167.173	29	17	10	2	1090	560
2006	130.304	23	12	7	4	646	379
2005	194.539	41	23	14	4	1326	699
2004	82.731	40	22	12	6	1112	574
<b>2004–2014</b>							
<b>Gj.sn.</b>	<b>128.890</b>	<b>27</b>	<b>15</b>	<b>8</b>	<b>4</b>	<b>757</b>	<b>437</b>

## Nøkkeltall

Resultatregnskap 2014	2013	2012	
Driftsinntekter	894 200	615 425	614 690
Driftskostnader	883 375	687 240	558 433
Driftsresultat	10 825	- 71 815	56 258
Resultat av finansposter	13 500	13 540	16 478
Årsresultat	24 325	- 58 275	72 735
Balanse	2014	2013	2012
Anleggsmidler	1 161 380	1 161 380	1 161 380
Omløpsmidler	403 679	384 557	552 225
Eiendeler	1 565 059	1 545 937	1 713 605
Egenkapital	1 550 784	1 526 459	1 518 735
Kortsiktig gjeld	14 275	19 478	7 495
Gjeld og egenkapital	1 565 059	1 545 947	1 713 605

I 2014 hadde vi 290 overnattingsdøgn i prestegården og 828 besøkende. Hordaland Fylkeskommune ga i beretningsperioden et driftsbidrag på kr. 230.000 mens bidraget fra Kvinnherad kommune ble 50.000 kroner. *Bidraget fra egne arrangementer og leie utgjorde kr. 137.890 netto.*

I 2014 ble det investert kr. 595.261 i restaurering og brannsikring.

Fylkeskommunen ga et tilskudd til restaurering av taket på Hovedhuset på kr. 300.000. GF tilskudd kr. 150.000. Regnskapet er oppgjort med overskudd. Til et fremtidig bokprosjekt om Stiftelsen Fjelberg prestegard avsatte styret kr. 24 325. Det ble holdt ett styremøte og en rekke enkeltkonsultasjoner i beretningsåret. Samarbeidet med sognerådet og kommunen fungerer godt. Ingemund Gjærde har vært engasjert til restaurerings- og løpende vedlikeholdsarbeider. Marianne Nordhus har klippet gresset. Jorunn Landa har sørget for vask og sengetøy. Even Landa er tilsynshavende for Stiftelsen. Truls Grung har fungert som daglig leder og restaureringsansvarlig.

## STYRETS ÅRSBERETNING 2014

### Virksomhetens art og sted

Stiftelsen Fjelberg Prestegard skal foreta istandsettelse og vedlikehold av bygningene på prestegården og administrere bruken av dem. Bygningene skal istandsettes i samarbeid med representanter for Riksantikvaren og Fylkeskonservatoren i Hordaland for å bli tatt vare på i fremtiden. Bygningene skal benyttes til kirkelige, vitenskapelige, kulturelle og sosiale formål, kurs- og konferansevirksomhet, samt arrangementer for lokalbefolkningen. Stiftelsen har sekretariat hos Fortidsminneforeningen, Klostergaten 28, 5005 Bergen.

### Fortsatt drift

Stiftelsen har foretatt planlagt restaurering og vedlikehold i 2014. Forutsetningen om fortsatt drift er til stede og lagt til grunn ved utarbeidelsen av årsregnskapet.

### Årsregnskapet

Regnskapet for 2014 er gjort opp med et overskudd på kr. 24 325,-. Styret anser både egenkapitalsituasjonen og likviditeten som tilfredsstillende.

### Arbeidsmiljø/likestiling

Styret anser arbeidsmiljøet for tilfredsstilende. Styret har tre mannlige og et kvinnelig medlem. Det har ikke vært ulykker eller sykefravær i stiftelsen i 2014.

### Ytre miljø

Stiftelsen har ingen virksomhet som påvirker det ytre miljø.

### Fremtidsutsikter

Stiftelsen vil fortsette sitt aktive engasjement for utvikling av samarbeidsrelasjoner med andre kulturinstitusjoner og lokale interessegrupper.

*I 2014 har styret bestått av Leif Kahrs Jæger (formann), Arne Sælen, Kari Grete Sande og Rolf Arne Birkeland, med Knut Ormhaug, Frøydis Sjo og Marianne Nordhus som vararepresentanter.*



Restaurering Hovedhuset.

# Takomlegging Fasade Øst




Reidar Kloster avdekket store råteskader i taket over kjøkkenet.



Detaljer fra restaureringen.

# Takomlegging Fasade Vest



Detaljbilder: Takløsning mellom ateliervindu og pultarken.

450.000

## Pengar til bygningsvern

Fjelberg prestegard, Nicoll-huset og røykstova på Øyre har fått tilskot av Hordaland fylkeskommune for å verne om freda kulturminne eller gje tilskot vern og vøling.

– Vi har ein omfangsrik og viktig kulturarv, men vi har også

mange entusiastar som vil sikra ho, seier fylkeskonservator Per Morten Ekerhovd.

Kultur- og ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune har tildelt i overkant av 12 millionar kroner til freda hus og bygningar i Hordaland. I Kvinnherad fekk Fjellberg prestegard 300.000 og Nicoll-

huset 200.000 i tilskot til det ein kallar freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap. Røykstova på Øyre fekk 20.000 kroner i tilskot til vern og vøling. Målane skal brukt til å opprettholde stand viktige delar av kulturarvet i Hordaland.

**GRIEG FOUNDATION**  
150.000 kr

**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**  
300.000 kr

tig del  
med  
ar  
f

## Nyoppussa prestegard

**Fjelberg prestegard framstår no i sin finaste prakt etter oppussinga dei siste månadane.**

Stiftelsen Fjelberg prestegard har det siste året prioritert vedlikehald av dei to mest sentrale bygningane; hovudhuset og Bispestova. Dagleg leiar Truls Grung fortel at det i fjor vart teke «eit kraftig grep» på Bispestova. Grepet omfatta å skifte tak, fiksa renner og tetta lekkasjar, i tillegg til å måla. Etterpå sendte stiftinga søknad til fylkeskommunen og Riksantikvaren om midlar til ein større reparasjon av hovudhuset.

– Heile søknaden om 300.000 kroner vart innfridd. Det var avgjerande for at vi kunne gå i gang, fortel Grung.

### Stolte

I vinter byrja ein med det store atelievindauga på vestsida. Vindauga vart ved oppussinga for 30 år sidan plassert for lågt, og det har vore lekkasjar over lang tid. No vart roteskadane fjerna, og ein la nytta rennesystem. Også på austsida ved kjøkenet var det lekkasjar, noko som no vart bøta på ved å fiksa rennesystemet og taket. På begge sider vart det sjølvsagt måla etter reparasjonane.



Dagleg leiar Truls Grung i Stiftelsen Fjelberg prestegard meiner Kvinnherad bør vera stolt over det nyoppussa anlegget.

– No står prestegarden skinnande og vakker slik den skal gjera. Til glede for både lokalbefolkinga og tilreisande. Dette er ein av Norges største antikvariske prestegardar, og såleis noko ein kan vera stolt over i Kvinnherad, seier Truls Grung.

### 32 år

Til prestegarden høyrer totalt ni bygningar. Kring hovudhuset og bispestova finst det øg stabbur, bakeri og vedskjul. Nede ved sjøen finn ein sjøhus, eldhús og eit stort naust. Og i Breivika står eit mindre naust, som presten reiste frå når han skulle til Halsnøy.

Taket på alle desse bygningane er skifta fleire gonger. No var det tredje gongen på hovudhuset og Bispestova. I løpet av dei 32 åra stiftinga har eksistert, har vi brukt mellom 6 og 6,5 millionar kroner på reparasjoner. Ein vesentleg del av midlane har vi henta frå private fond, men heldigvis

får vi i dag driftsstøtte frå Hordaland fylkeskommune og Kvinnherad kommune, fortel Truls Grung.

Morten Nygård  
morten@grenda.no

## Vannforsyning/sprinkling endelig ferdigstilt



Pumpen fra borehullet måtte skiftes før systemet med de to trykktankene endelig fungerte etter planen.

Koblingskum



## 25 post-pensjonister på omvisning 23. april



## 18. pensjonister på omvisning 30. mai

### På tur til Fjelberg

30. mai tok personar frå styrke-treningsgruppa og Fredags-treffet ein tur saman. Me var til saman 18 personar, med Anniken Kjeka frå Frivilligentralen Kvinnherad som reiseleiar, og Arvid Solbakken hadde laga opplegget for turen.

Me hadde buss frå Husnes til Sydnes, der me tok ferje til Fjelberg. Då me kom på land på Fjelberg stod Truls Grung og tok i mot oss. Det var han som skulle vera guide, og fortelja om kyrkja si historie og prestegarden.

Kyrkja låg fint til ved sjøen, med mange hus som høyrdde til. Prestegarden låg 100 meter frå sjøen. Her har vore kyrkje på

staden heilt frå 1250. Her stod då ei stor kyrkje, kyrkja som no står er ei lang kyrkje som vart bygd i 1722. Ho har 200 sitjeplassar.

Då me kom opp til kyrkja var det første vi såg ei plate på veggjen der det stod skrive at fyrste runde av val til til Riks-forsamlinga i 1814 vart gjennomført der. Dette var Norges første nasjonalval. Det var ei flott kyrkje. Der var dører inn til rosemålarmeister Knut Hovden, tidlegare var dørstokkane inn til benkene nokså høge, der vart det bøygde kne før ein gjekk inn til benkane for å setja seg.

Altertavla var Jesus og nattverden med disiplane. Ungane rundt var litt av eit syn med sølv

og gullbelegg skore ut av Stord kunstnar Niel Nielsen Høybye i 1733. Elles var det døypefat som var gullbelagt frå 1600, der var også store messingstakar frå 15-1600-talet, og ein messekakel frå 1696. Ein kunne også feriera her, her var arbeidsro for forfattarar, forskarar og familien. Det var også robåt og bryggje som høyrdde til. Ein idyllisk stad å feriera.

Me åt middag i daglegstova i Prestegarden. Eit stort bilete frå 17. mai 1814 som dekkja mest heile veggjen. Me fekk herleg middag med kaffi og eplekake. Middagen var medbrakt og henta på Halsnøy, og varma på kjøkenet i prestegarden. Og alt

smaka framifrå. Etter middag fekk med omvising i Bispestova. Fjelberg prestegard er Sunnhordlands finaste kulturhistoriske perle. Ei ramme for slektsstemne, barnedåp og bryllaup. Då all informasjon var komen på plass etter desse timane med historie og sosialt samver, tok me snoggbåten tilbake til Sydnes og buss til Husnes. Der enda denne flotte dagen der vi hadde fått oppleva natur og kultur på sitt beste. Stor takk til Anniken Kjeka, Arvid Solbakken og resten av reisefølgjet for ein strålende dag.

**Karoline Røssland**



Grunnlovsjubiléet

# 17. mai-feiring i prestegården



17. mai toget 1914 med tambur Haugen spissen.  
Han slo så hardt at trommeskinnet sprakk.



Jubileumsfeiring på samme sted som 100 år tidligere. Foto: Hans Helge Vik.





Foto: Ragnhild Sæbø



Foto: Jorunn Landa.

# Ein minnestein over utsendingen

## fra Sunhordland til Eidsvoll 1814

Lars Ingemund Gjærde

Ved den gamle og ærverdige Fjelberg Kyrkje vart det i 1964 reist ein minnestein med namnet TORBJØRN SANDVIK på. Han står litt gløymd nedst på kyrkjegarden (litt ovanfor naustet til prestegarden), og dei fleste veit i dag lite eller ikkje noko om kven han var.

Det vart for hundre år sidan også reist ein minnestein på heim-garden hans på Utbjoa. Torbjørn Gunnarsson Sandvik vart fødd 3. Trin. 1755, var son til Gunnar og Sigrid Sandvik og hadde fem søsken som me veit vaks opp.

Foreldra var religiøse og nokså strenge med borna sine, noko som kjenneteikna Gunnar, som det vart fortald var ein stille og alvorleg gut. Han viste tidleg stor interesse for bøker og las mykje, for det meste med religiøst inn-

hald. Då han var fjorten år, miste han og søskensflokkene begge foreldra sine, som vart gravlagde på same dag. Det var nok eit tungt slag for dei.

Året etter fekk Torbjørn skøyte på farsgarden, som han dreiv svært godt, og han vart etter kvart ein velståande bonde. Nokre år seinare gifta han seg med Kari Olsdotter Ohm frå Vats. Dei fekk ti born, og sju av dei vaks opp. Då Torbjørn var i trettiårsalderen (ca. 1785), kom Hauge-rørsla til

bygda, og Torbjørn vart «gripen». Han utvikla seg til å bli ein dugande talar, og han reiste litt ikring i bygdene og heldt «samling». Dette var noko som var i strid med lovane, og Torbjørn fann ut at det var nødvendig å respektera loven. Johannes Brun var sokneprest i Fjelberg på den tida (kyrkjesokna omfatta også Ølen, Bjoa og Vikebygd), og han såg ikkje med god-hug på Hauge-rørsla. Det vart av og til diskusjonar mellom han og Torbjørn Sandvik. Dei var begge rolege og sindige av natur og ingen av dei la opp til noko open strid, så det vart med diskusjonar nå og då.

Så kom krigen 1807–1814 med blokkade av engelske krigsskip, som hindra bl a kornfrakt frå Danmark til Norge. Landet vårt var på langt nær sjølvforsynt med korn og det var heile tida nødvendig med forsyningsslunjene til Danmark. Kystvernet vart litt forsterka, men kongen i Danmark hadde brukta alt av midlar, så det vart mykje «dugnadsarbeid» her ute i bygdene. Vinteren 1809 vart det mykje hunger blant folk flest. Ei lita trøyst var eit rikt sildefiske, men det store problemet var at denne gjekk tapt pga mangel på salt. Den tiande februar skriv presten Meldal Brun i Fjelberg: «I nærværende hårde Vinter trænger Almuen her i Særdeleshed til Understøttelse af kornvarer, om ikke mange fattige



Bautasteinen over Torbjørn Sandvik, reist på Fjelberg 1964.  
Bildet er fra 17.mai 2014. Foto: Jorunn Landa.

Familier skulde vorde offere ei alene for den gyseligste Armod, men endog Hunger.

Dei som på den tida var bønder, var nok dei som svalt minst, men det meste gjekk på «tomgang» pga mangel på det meste. Mange unge menn vart kommanderte ut i kriga. Nokre kom heim, andre ikkje. Gunnar, sonen til Torbjørn, kom heim skada.

Året 1812 vart det eit nytt uår, med kald vår, snø og kulde til mai. Dette året fekk ikkje Fjelberg noko korn frå fogden fordi presten året før hadde «brukt opp kvoten»! Nå viste Torbjørn

Gunnarson Sandvik seg som ein føregangsmann. Han søkte «på egne og fleire Bønders Vegne» om ei jakt han akta å sende til Danmark for å kjøpe korn. Det var på den tid forbudt for private å gjera dette, men fogden gav si beste anbefaling. «Eftersom disse Bønder i

Fjelberg ei ere fattige nok til at kunne få af Magazinet og heller ikke kan betale Kjøbmandens pris i Bergen, som nu siges at være 100-120 Dl. Tønden for byg og 60 Dl. for havre». Vice-stadtholderen prins Fredrik av Hessen svarte at «ei alene intet haves imod denne Expedition», og at han ved spesiell ordre skulle sørge for at «fartøyet erholdt en ladning af ca 10 læster havre», om fogd Blydt kunne stille kauasjon på det nødvendige beløp, og at «Ladningen gikk for egen risiko». Fartøyigarane, som begge var utkommanderte, vart permitterte, og reiste til Danmark med jakta og fekk sine 120 tonner med korn. På heimvegen blei jakta teken av engelske kaperfartøy. Torbjørn Sandvik gav seg ikkje og fekk inn ein ny søknad. Nye folk fekk permisjon, fartøyet lasta i Danmark og kom velberga attende med lasta. Krigen med England var nå slutt, og datoene var 21.januar 1814.

Me kjenner alle til det som vidare hende våren 1814, der arbeidet med grunnloven kom i gang, med representantar frå det meste av landet, resultatet som vart ferdig 17.mai og Christian Frederik som vart teken til konge. Så kom

dei vanskelege forhandlingane med stormaktene sine kommissærer, der Christian Frederik forhandla fram fleire betydningsfulle punkt som landet fekk god nytte av seinare.

I den korte «krigen» i juli-august 1814 med Sverige, vart det fort klart at Karl Johan og svenske krigstropper var totalt overlegne. Han beviste og at han var ein dugande general, i motsetnad til Chr Frederik. Etter to veker krigføring kom det fleire utspel frå Karl Johan om våpenkvile og om å akseptere grunnlova mot at Chr Frederik abdiserte og forlet landet. Resultatet av forhandlingane i Moss er vel også av dei fleste kjent, og at Chr Frederik 16.august sende ut befaling om val av det første overordentlige storting. Ein månad seinare var valmennene frå Søndre Bergenshus samla i Bergen Rådstue, 77 møtte og 4 hadde lovleg forfall (total 81), mellom dei frammette var Torbjørn Gunnarson Sandvik. Desse vart då valde frå amtet: «Provst og Ridder Hrr Niels Hertzberg, Sognepræst til Kinservik Kald, Sorenskriver i Hardanger, Arnoldus von Westen Sylow Koren, Bondemand og Gårdejer Åd Davidsen Kløve og



Bautasteinen i Sandvik hugget i lys granitt fra Eidfjord og reist 20.september 1914.  
Foto: Ernst Arne Sælevik.

Bondemand og Gårdejer Torbjørn Gundersen Sandvigen og vare de, som næst disse havde de fleste stemmer». Det er fortalt at Torbjørn ikkje fekk høve til å reisa heim og fortelja kona at ho var vorten stortingsmann-frue, men laut taka ut frå Bergen med det same, den lange kroken gjennom Sogn og fram til hovudstaden.

Representantane fekk med seg fullmakt frå fogden Schydtz der alle valmenn skreiv under denne fullmakta. (74 + fogden,? – kanske dei tre andre ikkje kunne skriva-) Stortinget vart sett 7. oktober 1814 i Katedralskolens Høresal. I år då det er 200 år sidan dette hende, har alle valkyrkjene fått tilsendt frå Riksantikvaren, bl a kopi av denne fullmakta, til evt utstilling i kyrka.

Bondene tagde på tinget i dei tider, men som ein seinare forklarte det; dei tenkte kan henda så mykje meir. 4.november valde stortinget svenskekongen Karl 13. til konge over Norge. Ei sjumanns-nemnd vart vald til å bera fram bod om dette til den svenske kronprinsen Karl Johan som då var saman med dei svenske troppene ved Fredriks-hald (Halden). Dei sju som reiste til Halden var; Grev Wedel Jarlsberg, Biskop Sørensen, major Higgermann, generalpolitidirektør Deriks, konsul Konow, lensmann Forset og bondemand Torbjørn G Sandvik. Hr Klauk Pavels skriv om Sandvik som tingmann og utsending: «Torbjørn Sandvik frå Fjelberg hadde et ærværdigt, kraftfullt Udseende, og man fortalte om Udtalelser at han til Grev Wedel efter de famøse Debatter om Kongen, og til Kronprinsen (den senere Karl Johan), da han i Fredrikshald som Deputeret der, vidner både om Forstand og Frimodighed. I stortin-



Skiltet som opplyser at Fjelberg kirke var VALKYRKJE i 1814

get hørtes kun hans Votum».

Torbjørn Sandvik vart på tinget sitjande ved sida av presten Niels Hertzberg, som skriv i si dagbok: «En av de sju Depute-rede, vi sendte til Frederikshald at meddele Karl Johan, da Kronprinds, at Foreningen var sluttet, var Bondemanden Torbjørn Sandvig fra Søndhordland, en høi, firskåren Mand med brede, store Arbeidsnæver. Kronprinsen hilsede venlig enhver med håndtak. Torbjørn rakte også frem sin store, hårføre Næve. «Spør den Normand», sagde vor ædle Karl Johan til en tolk, «hvorfor han trykkede så hårdt min hånd». Torbjørn svarede: «da va norsk Truverdigheit». Jeg hørte flere fortælle Svaret anderledes, så som: «Vi Normænd holder hårdt ved den, vi giver vår Hånd». Men det anførte svar er etter Torbjørns egen Mund til meg, flere Gange gjentaget. Jeg så med egne Øine de vakre Træk av Karl Johan, at han, ved sin Udgang af Selskapssalen sidste Gjestebud blev store Torbjørn var, stående i flokken og rakte han sin Hånd over de andres Hoveder; Torbjørn greb den og jeg er sikker på, at vor gode Karl Johan følte Håndtaget».

Som synleg merke på at kron-

prinsen likte denne trauste bon- den, gav Karl Johan Torbjørn ein gulldåse. Det kan synast som at Torbjørn var ein klok mann, som skjøna korleis og kva tid han skulle uttrykkja seg for å få fram meiningsane sine.

Det første overordentlige storting varte til 26.november 1814.

Det meste av forteljinga om Torbjørn Sandvik er henta frå Kristoffer Sydnes si utgreining i «Sunnhordland Årbok 1914». Han skriv mot slutten at «Torbjørn Sandvik kom ikkje til å møta meir som tingmann. Han må vera nøgd med varamannsplassen. På valtinget i Bergen 17.oktober 1820 valde amtet berre tre tingmenn, og då hadde Hr Sandvik flest røyster etter dei valde, og vart såleis første varamann».

Då er det grunn til å tru at han fekk meir tid å vera heime og blant anna ta seg av sagbruka han hadde sett opp rundt århundreskiftet. Dei kom til å bety mykje for bygda , då sønene hans starta opp med fartøybyggjing etter faren sin død, tilsaman meir enn 30 større fartøy.

Kristoffer Sydnes skriv også: » I 1820 vart eit skrift prenta hjå O.P.Moe i Kristiansand, og forfattaren var Torbjørn Sandvik: »Sandheds Erfaringer og faderlige Råd til mine Børn og Fleire som ikkje modståe Den Hellig-Ånds tilberedende Nåde, med en kort tilføiet Bøn».

Torbjørn planla i tida etter stortingsarbeidet, saman med andre, å starta ein privat lærarskule der «menn som var gripne av kristelig alvor», kunne verta lærarar ved skulen. Han fekk ikkje oppleva dette, då han vart sjuk og kom til sengs ettersomaren 1822.

Torbjørn Sandvik døydde 16.september 1822.

# Møte med Fylkeskommunens Kultur- og ressursutvalg 3. juni

20 deltagere

**Program:** • Historikk og planer for Fjelberg prestegard • Presentasjon Pilgrimssenteret og andre prosjekter • Omvisning i prestegården og kirken • Lunsj og middag i Almuestova



Presentasjon Pilgrimssenteret og andre prosjekter. Ordfører i Odda: John Opdal (stående) og fylkeskultursjef Anna Elisa Tryti (foran speilet)

Status	Fremtidsplaner
<ul style="list-style-type: none"><li>Anlegget ansett som et av landets best bevarte antikvariske prestegårder</li><li>Godt samarbeid med HF og Kvinnherad kommune. Rydig økonomi.</li><li>Allsidig bruk: Lokale arrangementer, Refugium, Seminarer for offentlig og privat virksomhet</li><li>Spennende faste utstillinger: Historiske rom/tre prestehistorier/tre historiske perioder. Geologi, Tjerand Aske. Utvandringen til Amerika</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>Sprinkling ferdigstilt</li><li>Videreføre Restaureringsplan 2013–2015</li><li>Tilbakeføre deler av gammel kjøkkeninnredning</li><li>Remontere deler av gammelt sanitærutstyr</li><li>Turstier / opplysningstavler</li><li>Verneplan Fjelbergøy</li><li>Fjelberg Kulturkirke</li><li>Haveanlegg /Bernhardines Have/oppdragstavler Buksbom, platanlønn etc</li><li>Bokprosjekt Fjelberg prestegard – historie og planer.</li></ul> <ul style="list-style-type: none"><li>Samling artikler fra tidligere årsberetninger.</li><li>Utstilling Altertavlen Fjelberg kirke</li><li>Utstilling kirkebenkdørene Fjelberg kirke</li><li>Utstilling geologi forbedres/ utvides til også å omfatte botanikk</li><li>Utstilling «Utvandringen til Amerika» videreføres/nettverk</li><li>Restaurering av kirkeorgelet Bispestova</li><li>Registrere boksamlingen</li><li>Restaurering båter.</li></ul>

## Misjonsalliansens tradisjonelle pinsestevne samlet nærmere 120 deltagere 9. juni.



Kjøkkengjengen / «Skrubben».  
Fra v.: Trond Vegar Strand, Kari Anne Bjørnstad,  
Grete Camilla Solheim og Aslaug Nag



Mange foretrakk uteservering i solen,  
– eller kanskje det var fordi det var fullt i Almuestova.



misjonsalliansen 



Trangt om plassen i Almuestova.



# Steinerskolens Botanikkuke

Den 21. i rekken

10.–17. juni 2014

Ledet av Linda Joly og Elisabeth Irgens



## Blomst

**EGENSKAPER:**

- Farger
- Duft
- Nektar
- Begerform – 3-dimensionelt 'rom'

**HVOR KOMMER BLOMSTEN FRA?**

Blomsten er så fremmed i forhold til den grønne delen av planten at den tidligere ble oppfattet som en sommerfugl som satte seg fast på toppen av planten. Goethe oppdaget overgangen fra de grønne bladene til blomsterbladene – det vi kaller for Blomstermetamorfose.

**Blomstermetamorfose**

I motsetning til bladene som kommer etter hverandre på stengelen, er alle deler av blomsten til stede samtidig, sentrert rundt et punkt. I en kultivert rose eller tulipan kan vi få et glimt av blomstens opprinnelse: Begerbladene som er grønne, små og spisse; form er en fortsettelse av bladenes sommerflikning. Så kommer de fargede kronbladene innenfor begerbladene og blir gradvis større og sterke i farge. De innerste kronbladene minner i størrelse og har en antydning til storbærere i innbuktninger. I midten av en ring av storbærere står fruktenhet hvor plantens minste stadio blir til – frøet.

# Steinerskolens konsert 15. juni



Elena Foseid sang og Julian Garcia gitar.



Lokalbefolkningen fikk nok en gang en stor opplevelse.



Simon Kirkbride dirigerer Steinerskolekoret.

Han er leder for Edvard Grieg Kor på Trollhaugen og er ansatt på Steinerskolen i 60% stilling (overtok etter Magne Skrede)

## Øydagane 2014 samlet over 800 gjester



Søndag 13. juli var det konsert i Kriken og utstilling i prestegården med Bjørg Thorhallsdottir.  
Hun solgte for kr.20.000 den søndagen, og var meget fornøyd.



Konsert i kirken. Arve Fosse tar imot.



Blomsteroverrekkelse.

ØYDAGANE PÅ FJELBERG 2014

BJØRG THORHALLSDOTTIR

SØLVI MARIE FOSSE BERGE

INGRID ANDNES

PRESTEGÅRDEN

VEGARD DØSSLAND

### Søndag 13. juli: Konsert og kunstutstilling

- 5459 FJELBERG
- ØYGRUPPE I KVINNHERAD
  - BESTÅR AV BORGUNDØY OG FJELBERGØY
  - GODE FERJEFORBINDELSAR
  - BUTIKK OG MARINA
  - EIGEN PUB: «SJØSTOVA»
  - BORGUNDØYNUTEN 469 M
  - RIKT FISKELIV
  - BADEPLASSAR OG VIKER
  - CA. 2 MIL BILVEI

Kl 13.00-16.00  
Fjelberg Prestegard:  
Kunstutstilling med  
den multinasjonale  
kunstnaren Bjørg  
Thorhallsdottir.

Kl 14.00  
Konsert i Fjelberg  
kyrkje med Ingrid  
Andnes, klavér,  
Vegard Døssland  
trompet,  
akkompagnert av  
Fredrik Horn, piano,

Sølvi Marie Fosse  
Berge, song.  
Billettpris (vaksne)  
kr. 200,- (Barn under  
14 år) kr.100,-  
Ferje frå:  
Sydnes kl. 13.25  
Borgundøy 13.45  
Retur kl. 15.45

Arrangør:  
Øyliv, Fjelberg og  
Fjelberg Bygdahus

Alsaker Fiordbruk



# Jakten på kjærligheten

## Bonderomantikk



NORDISK FILM

Teamet fra Nordisk film brukte prestegarden som base i tre perioder (mars, juni og august) i 2014. «Jakten på kjærligheten» var på alles lepper og Marianne Nordhus satte Fjelberg «på kartet» på en positiv måte. Det ble også penger i kassen for stiftelsen og teamet tok godt vare på det fredete anlegget.



Nordisk Film-teamet på trappen i prestegården.



Marianne Nordhus i sentrum blant frierne på gården.





# Seminar Kvinnherad Bibliotek

12. august 2014



“ Prestegarden ga gode rammer og mykje inspirasjon for dagen. Vi kom med ferje frå Sydnes på morgonen og reiste nøgde igjen med ferja same ettermiddagen.

Gjennom dagen starta vi mellom anna planlegging av fleire prosjekt samt at vi planla aktivitetar og arrangement på biblioteket i haust. Vi gjennomgikk planer for m.a. arrangement for barn og unge, som Sommarbokfesten der barn som har lese minst fem bøker i somar får kome på ein fest på biblioteket der dei m.a. får møte ein levande forfattar. Elles for barn skal vi ha fleire teaterbesøk, teiknese-riekurs, og eit program om Leik og liv i 1814. For vaksne skal vi m.a. ha ein krimkveld, slektsforskarkurs og lesesirklar.



Fra venstre, foran (rundt bordet): Signe Alfsvåg, Hilde Gry Opheim, Per Myklebust, Anita Larsen, Sonja Isdal Fjelland, Marit Hass, Trude Hege Bergesen (biblioteksjet).

## Slektsstevne med 64 deltagere

arr. av Gunn Meyer

LØRDAG

9

AUGUST



## Møte/seminar HSH med 20 deltagere

TIRSDAG

16

SEPTEMBER



# Bryllup

29. august med 120 gjester

Vi vil takke for lånet av prestegården!! Det ble en fantastisk dag, selv om det var noe gråvær.  
Har fått mange kommentarer på hvor vakkert det var på Fjelberg... det synes vi også. :)  
En uforglemmelig dag!!! Takk!

Mvh. Stine og Sjur Krakk.



Kunstnersamarbeid  
**VARIUS**  
VOSS

Malerstudier 2.–9. september



Eli Lund-Johansen, Synneva Skintveit, Kjartan Møen, Mathias Ringheim og Solfrid Halhjem Lexau.



# Adventsamling for avisen **KVINNHERINGEN**




*Redaktør Tomas Bruvik, som kjøkkensjef ved bordenden.*





Familien Framnes / Thorsen feiret  
i prestegården

# Julafoten






## Trefelling 9. desember 2014

Med tungt hjerte saget vi ned to av de tre siste  
Platanlønnetrærne foran kirken



Til høyre: Tre barske karer. Jon Landa, Reidar Kloster og Even Landa.



# Frå fut til fylkesmann

av Norvall Skreien

– Det bliver faae bøder dette aar, men ved Guds hjelp haaber jeg at det bliver mere neste aar..

Såleis skreiv ein sokneprest i Hordaland i årsrapporten sin til biskopen for godt og vel hundre år siden. Framleis er alkohol ei viktig offentleg inntektskjelde her i landet. Den gongen vart fattigstellet finansiert med hjelpe av fyllebøter. Prestens misnøye er derfor forståelig nok. Det er likevel ingen grunn til å tru at det var mindre fyll og lauslivnad dette året enn dei føregåande. Merknaden til presten må vel helst oppfattast som ei klage over futen for å ha vore for slapp i tenesta, og ikkje som ei oppmoding til drykk.

Misnøye med futen var elles ikkje noko uvanleg. Det må ein i dette høvet derimot kanskje kunna seia om motivet. I regelen var grunnlaget for harmen tvillaust det motsette. Folk tykte futen var altfor nidkjær i arbeidet Det fylgde så å seia med embetspliktene hans som ikkje var av dei mest omtykte: Han skulle krevja inn skattar, og hadde dessutan politimakt Av representantane for det gamle embetsmannsstyret var ingen hata så sterkt som futen. Dette «uvesenet» i bygdefolks augo vart først avskaffa i 1890-åri. Futeinstitusjonen vart då erstatta med politimeister og amtssekretærar, dei som seinare fekk namnet skattefutar. Den tittelen hadde i førre hundreåret etter kvart kome i slikt vanryt at det nyttar ikkje å halda på han lenger.

Eineveldet som vart innført i Danmark-Noreg i 1660 gjorde ende på det lokale sjølvstyret, i den mon det hadde vore noko styre i det heile før den tid.

Ved sida av futen vart den øvste makti på bygdene

lagd i hendene på amtmannen. Han kom det til å stå langt større age av. Eit vitnemål om det er eit gamalt ordtak i Hordaland som seier: «La berre kongen koma, han er no ingen amtmann!»

## Presten

I praksis var det likevel presten som mest kom til å ta seg av styre og stell i bygdene. Han levde og verka mellom bøndene, og kom derfor til å stå folket svært nær. Presten stelte gjerne med alt frå potetdyrkning, hagebruk og saueal til sjølesorg. Det siste kunne det stundom kanskje verta mindre tid til. — Presten hadde dessutan til oppgåve å styra med fattigstellet og helsestellet Lækarar var det så få av at presten, då det vart aktuelt, også måtte ta seg av all vaksinering. Til futar og amtmenn, som hadde mest å seia, var avstanden jamleg for stor – dei var framande for folket.

Jamvel i lang tid etter 1814 kom embetsmennene til å ha stor makt i bygdene, dette trass i at føresetnaden etter Grunnlovi var at Noreg ikkje berre skulle få nasjonalt men også lokalt sjølvstyre. Hovudgrunnen var truleg at dei norske bøndene, etter 400 år under dansk styre, enno ikkje kjende seg føre til å styra og derfor heller ikkje hadde mot til å gripa roret. Dei vanta røynslor og kunnkapar og kjende seg derfor som rimeleg kunne vera usikre på seg sjølve og sine eigne evnor. Av same grunn vart prestar og andre embetsmenn også valde inn i dei første formannskapi. Presten fekk til og med ordførartaburetten i dei fleste kommunane. Han brukte som regel sjølv, både i skrift og tale, det same snirklute kanselli-språket som lover og rundskriv var forma på. Og han var i stand til å te seg som etiketten kravde



*Presten hadde i sin tid stor makt på bygdene, også i verdslege saker. Han stelte med alt frå potetdyrkning til sjølesorg. Før helsestellet vart utbygd måtte han også ta seg av all vaksinering, når dette var aktuelt.*

Tegning: Sverre Bø.

når han skulle til byen og drøfta ei sak med amtmannen og anna fintfolk.

## Fyrste skulestyret

Gjennombrotet for det kommunale sjølvstyret i Noreg kom med formannskapslovene. Men heilt utan innverknad på styre og stell var ikkje folk før den tid heller. Fyrste steget vart teke alt med innføring av konfirmasjonen i Noreg i 1736. For å «sleppa fram» måtte ein kunna lesa. Dermed vart det turvande med ei viss form for opplæring. Ved eit påbod i 1741 vart det overlate til kvart prestegjeld å organisa opplæringi, som mest alle stader vart skipa som omgangsskule. I praksis var det presten eller lensmannen som tok seg av dette arbeidet og, og som dermed kom til å fungera som fyrste skulestyri. Dei fekk for dette føremålet også fullmakt til å likna ut skatt. Skattar og avgifter var elles noko som berre futen stelte med.



*Slik tenker teiknaren Sverre Bø seg eit formannskapsmøte for 100 år sidan. På ordførertaburetten sat som regel presten.*



Sneklokker i  
prestegårdshaven  
februar 2014.



Bak stiftelsen Fjelberg Prestegård står:  
FORENINGEN TIL NORSKE FORTIDSMINNESMERKERS BEVARING • FJELBERG BYGDALAG  
KVINNHERAD KOMMUNE • HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Adresse: Stiftelsen Fjelberg prestegård, 5459 Fjelberg • [www.fjelbergprestegard.no](http://www.fjelbergprestegard.no) • e-post: [truls.grung@kraemmerhuset.no](mailto:truls.grung@kraemmerhuset.no)